

Gaute Åsebø
Åsebøvegen 149
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7865 - 22/96171

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
19.12.2022

Svar på søknad om å få tilkøyrd jord - gbnr 346/4 Åsebø

Det kan vera fornuftig å føra til jord på kuperte og grunlendte areal, men jordmassehandtering kan vera risikospørt og krev difor god planlegging.

Areal opptil 10-12 daa med mindre enn 3 meter terreng endring kan godkjennast etter bakkeplaneringsforskrifta, dersom det er kjent kor massane kjem i frå. Du kan søkja sjølv, dersom du sjølv sitt på tippen og har ansvaret for arbeidet. Er det ein entrepenør som har ansvar for tippen vil det i tillegg verta krevd søknad med ansvarsrett etter plan- og bygningslova. Då må entrepenøren søkja.

Her er nokre stikkord til ein slik søknad. Me har ikkje eige skjema så du får skriva det som eit brev.

3.2. Planlegging

Tiltakshaver og entrepenør skal utarbeide en plan for utforming og drift av jordtippen / planeringsfeltet. Grunneier kan kreve vurdering av planen fra jordfaglig kompetent person på tiltakshavers kostnad. Planen skal som et minimum inneholde:

- Tidsrammer
- Beskrivelse av feltet før tiltak
- Beskrivelse av feltet etter ferdigstilling
- Håndtering av sigevatn, bekker mm.
- Tiltak for å hindre ras / utgliding
- Plan for etablering av driftsveier og tippsteder
- Plan for fremtidig dreneringssystem (prinsippskisse)
- Miljøhensyn
 - Beskrivelse av massene, type, opprinnelse ++
 - Behov for kontroll av massene, kjemiske analyser, fremmede arter mm
 - Kontroll med avrenning

Kart er viktig å ha med, nabovarsel og avklaring om du må søkja utvida bruk av eksisterande avkjørsel frå offentleg veg. Fylkeskommunen betegnar jordtipp som utvida bruk sjølv om vegen ligg der i dag.

Det er også viktig å få fram kvar massane kjem i frå. Er det massar frå meir enn 4 tilbydarar må du søkja statsforvaltar om løyve etter deponiforskrifta.

Me sender søknad på høyring til fylkeskommunen, lokalt kulturkontor og statsforvaltar, for å sjekka ut om det er spesielle natur- og kulturverdiar i området. Dei har 4 veker på seg til å svara. Bruket ditt ligg i nedslagsfeltet til Rylandsvassdraget som er eit verna vassdrag. Det betyr at du bør ha ein god plan om korleis du skal unngå avrenning av jordpartiklar til vassdraget. Likeeins må du undersøkja om fylkesveg og kommunalveg er godkjent for slik tungtransport.

Mange vel å nytta seg av profesjonell planleggar. Trygve Torsteinsen i Norsk landbruksrådgiving Vest har lang erfaring med å laga slike planar.

Kommunen har ingen oversikt over kva prosjekt som har overskotsmassar, så du må sjølv vera aktiv å kontakta entrepenørar når det er prosjekt i området. Då er det ein fordel at du på førehand har søkt og fått godkjent arealet som du vil fylla jordmassar på. Det er eit krav om at det er berre reine jord- og steinmassar som kan fyllast på jordbruksareal. Når du sjølv søker vert det ditt ansvar og ha kontroll på dette. Det må etablerast eit internkontroll system der kvart lass vert dokumentert. På større anlegg vert det alltid tatt jordprøvar for å dokumentera at massane ikkje er ureina. Ein kan be om å få kopi av desse.

Legg ved link til retteleiar som kan brukast som oppslagsverk. På slutten av denne ligg framlegg til avtalar mellom bonde og utbyggar.

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/bilder-fmmr/14-landbruk/jordvern/jordmasser---fra-problem-til-ressurs.pdf>

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gaute Åsebø

Åsebøvegen 149

5917 ROSSLAND